

**SYKKYLVEN KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

---

**MØTEINNKALLING**

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL**

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirdag 08.02.2010 kl. 11.30 i  
Blåsalen**

**SAKLISTE:**

- Sak 01/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 08. desember 2009.  
” 02/10 - Vedkomande PS 11/10 rapportering gjeldande vedtak i kommunestyret for 2. halvår 2008 og heile 2009

Eventuelt.

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Rolf Bergmann  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
SYKKYLVEN KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 10.12. 2009, kl.12.00

Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Desse var til stades:

Rolf Bergmann, Torild Hole og Steinar Myrseth = **3 voterande**

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Jan Kåre Aurdal

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne .

Frå kommunerevisjonen møtte revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 39/09**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 22. OKTOBER 2009**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 22. oktober 2009 blir godkjent.

**SAK 40/09**

**VIDARE DRØFTING VEDKOMANDE STORFJORTERMINALEN AS**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 27.11.2009.

Orientering gitt av ordførar Jan Kåre Aurdal.

Torild Hole erklærte seg inhabil. Med bakgrunn i dette gjorde kontrollutvalet vedtok om at ho var inhabil og Torild Hole deltok ikkje i behandlinga av saka.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har saka til vidare observasjon.

**SAK 41/09**

**OPPFØLGING AV KONTROLLUTVALET SIN RAPPORT AV 15.06.2009 NÅR DET GJELD STYRKING OG OMORGANISERING AV DEN SENTRALE ØKONOMIFUNKSJONEN**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 27.11.2008.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet konstaterer, når det gjeld styrking og omorganisering av den sentrale økonomifunksjonen, at kommunestyret sine vedtak i sak 29/09 av 29.06.2009 og sak 57/09 av 12.10.2009 ikkje har funne si løysing.

Kontrollutvalet har saka til observasjon til over nyttår.

**SAK 42/09**

**HAGARDEN BYGGEFELT OG ULLAVIK BARNEHAGE - INVESTERING**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 27.11.2009.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen legge fram for kontrollutvalet innan 1. mars 2010 ein rapport i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i RS 3/09 i møte den 23.11.2009 med slikt mandat:

*Kommunestyret ber kontrollutvalet granske overskridingane og den administrative saksgangen i byggesaken knytt til prosjekta Hagarden byggefelt og Ullavik barnehage.*

**SAK 43/09**

**DELTAING PÅ KONTROLLUTVALKONFERANSEN 3. OG 4. FEBRUAR 2010**

(saka kom opp under eventuelt)

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Steinar Myrseth deltek på kontrollutvalkonferansen 3. og 4. Februar 2010

Rolf Bergmann  
leiar  
(sign.)

Torild Hole  
medlem  
(sign.)

Steinar Myrseth  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 05.02.2010

**SAK 02/10  
VEDKOMANDE PS 11/10 RAPPORTERING GJELDANDE VEDTAK I  
KOMMUNESTYRET FOR 2. HALVÅR 2008 OG HEILE 2009**

I saksutgreiinga til formannskapssak 11/10 går det fram at kommunestyresak 29/09 som gjeld rapporten frå kontrollutvalet om gjennomgang av økonomistyring, budsjettkontroll og økonomirapportering i 2008, er ferdigbehandla. Både kontrollutvalet og kommunestyret har gjennom året etterlyst slik behandling, jf også kommunestyresak 57/09. Nedanfor vil eg kome nærare inn på dette.

I møte 22.10.2009 sak 36/09 i kontrollutvalet blir det mellom anna vist til pkt. 3 i kommunestyret sitt vedtak i sak 29/09, den 29.06.2009 ved behandling av kontrollutvalet sin rapport. Dette punktet lyder slik:

*Kommunestyret ser behov for styrking og omorganisering av kommunen i 2009, spesielt den sentrale økonomifunksjonen i Sykkylven kommune.*

I same møte, i sak 38/09 vart slikt vedtak gjort:

- 1. Kontrollutvalet vil ha rapportering om og oppfølging av politiske vedtak til observasjon.*
- 2. Kontrollutvalet vil spesielt følgje opp kommunestyret sitt vedtak i sak 29/09 pkt. 3 om styrking og omorganisering i den sentrale økonomifunksjonen i Sykkylven kommune i som var føresett utført i 2009.*

I møte 10.12.2009 sak 41/09 gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

*Kontrollutvalet konstaterer, når det gjeld styrking og omorganisering av den sentrale økonomifunksjonen, at kommunestyret sine vedtak i sak 29/09 av 29.06.2009 og sak 57/09 av 12.10.2009 ikkje har funne si løysing.*

*Kontrollutvalet har saka til observasjon til over nyttår.*

Med den økonomiske situasjonen kommunen er i, er det uheldig at omorganisering av den sentrale økonomifunksjonen som kommunestyret to gongar har bedt om, ikkje har fått ei meir grundig behandling. Ein er kjent med at eit framlegg om controllerstilling har blitt avvist av formannskapet. Det er vidare kjent at eit konsulentfirma er hyra inn for å ta ein gjennomgang

av organiseringa av kommunen. Omorganiseringa av den sentrale økonomifunksjonen er ikkje med i dette mandatet. Organisasjonsgjennomgangen har sitt utgangspunkt i kommunestyresak 40/09 og 41/09 i møte 29.06.2009 (same møte som behandlinga av kontrollutvalet sin rapport).

Vedtaket sitt andre punkt i kommunestyresak 40/09 lyder slik:

*Det vert gjennomført ei evaluering av den administrative organiseringa i kommunen herunder organiseringa av barneskulane. Dette arbeidet skal setjast i gang i inneverande år og vere slutført innan utgangen av 2010.*

Kontrollutvalsekretariatet har ikkje fått melding om det er samanheng mellom dei ulike organisasjonsgjennomgangane som er nemnt i denne saka.

I RS-sak 04/09 i kommunestyret den 23.11.2009 som gjeld den sentrale økonomifunksjonen skriv rådmannen:

*Rådmannen har ved fleire høve meldt tilbake både til kommunestyret og formannskapet både skriftleg og munnleg om dei grepa/endingane som er gjorde for å styrkje oppfølginga av økonomien i kommunen. Rådmannen har difor ikkje oppfatta at dette skulle gjerast gjennom ei eiga sak til politisk nivå.*

Når det likevel blir laga ei sak, burde denne innehalde ei utgreiing og oppstilling av alternativ. I referatsaka viser rådmannen til eit notat datert 30.03.2009 og som var godt kjent då kommunestyret tre månader seinare ber om ei omorganisering av den sentrale økonomifunksjonen.

Dersom omorganisering av den sentrale økonomifunksjonen ikkje let seg løyse innanfor delegert mynde til rådmannen og eksisterande budsjетtrammer, er det behov for ei politisk behandling. Anten ein gjer organisatoriske grep innanfor delegert mynde og eksisterande budsjетtrammer eller legg opp til ei politisk behandling og tilføring av ekstra ressursar, må alternative løysingar bli utgreidd og rapportert.

Det er tunge vedtak kommunestyret har fatta i samanheng med både kontrollutvalet sin rapport av 15.06.2009 og årsrekneskapen til Sykkylven kommune for 2008. Dersom kommunen ikkje greier å dekkje inn planlagt del av meirforbruket for 2008 i 2009, vil det framstå som ekstra uheldig at vedtekne tiltak knytta til den sentrale økonomifunksjonen ikkje blir grundig behandla og sett ut i livet.

I budsjettet for 2009 var det stipulert ei inndekking av meirforbruk (underskot) på nær 13,7 mill. kroner av eit samla meirforbruk i 2008 - rekneskapen på vel 21 mill. kroner.

Ved økonomirapporteringa pr. 31.08.2009 er det forventet at kommunen i staden for 13,7 mill. kroner berre vil dekkje inn om lag 6 mill. kroner av det samla meirforbruket frå 2008. I ei økonomirapportering ein månad seinare var prognosane ikkje vesentleg endra.

Dei resterande 7,7 mill. kronene som skal dekkjast inn, tilsvarar om lag det beløpet (7,58 mill. kroner) som på sviktande grunnlag har blitt forespeila brukt til inndekking av underskot. Eit brev frå kommunerevisjonen vedkomande avvikling av likviditetsreserven er avklarande i denne samanhengen. Dersom tertialrapporteringane er til å stole på, blir det lite underskotsdekking i 2009 – rekneskapen. I denne samanhengen kan nemnast at bruken av

økonomisk terminologi i denne rapporten var unøyaktig og kunne lett skape forvirring. Dette var også eit tema i kommunestyret sitt møte

Rekneskapen for 2009 som blir lagt fram med det første, vil avklare den økonomiske situasjonen.

### **Oppsummering:**

Med den vanskelege økonomiske situasjonen Sykkylven kommune er i samt sviktande forutsetningar i ei budsjettert underskotsdekking på 13,7 mill. kroner i 2009, er det ekstra uheldig at det nettopp er vedtak om omorganisering av den sentrale økonomifunksjonen som er dårleg oppfølgd. Det er uheldig at ei so viktig sak blir sjekka ut av restanselista over ikkje utførte vedtak og får statusen "ferdig" på bakgrunn av ei referatsak som ovannemnde.

På bakgrunn av ovenstående legg kontrollutvalet saka fram for kommunestyret med slik

### **Innstilling :**

1. Kommunestyret vurderer statusen til kommunestyresak 29/09, jf også deler av sak 57/09 som ikkje avslutta. Oppfølging av kommunestyresak 29/09 blir sett på som mangelfull.

Harald Rogne  
dagleg leiar